

Årsplan 2016-2018 – Det samfunnsvitenskapelige fakultet

INNLEIING

Årsplanen er treårig og vert revidert årleg. Universitetsstyret sine overordna prioriteringar er styrande for prioriteringane på fakultets- og instituttnivå. Kvalitet i forskning og utdanning er overordna mål for fakultetet, og førande for alle andre tiltak og aktivitetar.

Universitetsstyret har vedteke at *lærings- og arbeidsmiljø* skal vere hovudprioriteringa i 2016.

Utdanning

Tiltak 1:

Fakultetet skal sette i verk tiltak som styrkjer integreringa av studentane i fagmiljøa. Studentane skal få god oppfølging undervegs i studiane.

Resultat ved utgangen av 2016:

- Fakultetet har sett i verk tiltak for å styrke integrering av førsteårsstudentane i fagmiljøa og styrkt introduksjonsopplegget og mottaket
- Fakultetet har planar for korleis studentane skal få oppfølging undervegs i studiane
- Betre studiegjennomføring

Aktivitet:

Skaffe kunnskap om kva som kan leie til betre studiegjennomføring

Resultat 2016:

Auka fagleg innhald ved semesterstart

Resultat 2018:

Betre studiegjennomføring

Milepålar for gjennomføring:

- Vidareutvikle det faglege opplegget for semesterstart
- Vidareføre tilbodet om psykologisk rådgjeving til studentane
- Vurdere om emna er tilstrekkeleg utfordrande og om det er tilstrekkeleg innslag av smågruppe- eller seminarundervisning (følgje opp emnegjennomgangen frå 2014)

Ansvar:

Studiedekan

Frist for gjennomføring:

2018

Tiltak 2:

Fakultetet skal styrke læringsutbyttet og arbeidslivsrelevansen i studiane gjennom meir bruk av nyskapande og studentaktive lærings- og vurderingsformer. UiO sin felles utdanningsvisjon skal speglast att i alle studieprogram.

Resultat ved utgangen av 2016:

- Fakultetet har utarbeidd planar for nyskapande og studentaktive lærings- og vurderingsformer som er tilpassa læringsutbyttet i programma

- Fakultetet har vurdert om det trengst justeringar av utdanningsprogramma for å innfri UiO sin overordna visjon for utdanning

Aktivitet:

Utvikle ein overordna utdanningsvisjon for fakultetet. Vurdere studieprogram og opptaksrammer i lys av utdanningsvisjonen. Utnytte potensialet digital eksamen gjev til å vidareutvikle eksisterande vurderingsformer

Resultat 2016:

Utvikla ein overordna utdanningsvisjon

Resultat 2018:

Tilbod om nye vurderingsformer er etablert og digital eksamen på alle emne innført, der det er teknisk mogleg

Milepålar for gjennomføring:

-Vidareføre prøveordninga med fleirvalsprøve som vurderingsform på Examen Facultatum

-Evaluere pågåande utviklingstiltak ved ISS, ISV og SAI knytte til nye undervisningsformer

-September/oktober: Arrangere seminar for Forum for studiespørsmål. Budsjett: 100 000 kr.

-Etablere praksisemne i nokre av bachelorprogramma og halde fram samarbeidet med UD om internships for studentane.

-Følgje opp evalueringa av Vitenskapsbutikken

Ansvar:

Studiedekan

Frist for gjennomføring:

2018

Tiltak 3:

Delta aktivt i vidareutviklinga av Lektorprogrammet (LeP) ved UiO.

Resultat 2016:

Ein vitskapleg medarbeidar er tilsett

Resultat 2018:

Eige innføringsemne er etablert

Milepålar for gjennomføring:

-Tilsette ein vitskapleg medarbeidar i full stilling for å arbeide med LeP på fakultetet.

-Vurdere å etablere eit eige innføringsemne for LeP-studentar, eventuelt andre kullfremjande tiltak.

-Integrere praksis i masterdelen av LeP.

Ansvar:

Studiedekan

Frist for gjennomføring:

2018

Tiltak 4:

Rekruttering til studieprogram.

Aktivitet:

Følgje opp langsiktig rekrutteringsplan med konkrete mål og rekrutteringstiltak for å sikre god rekruttering, betre kjønnsbalanse og kulturelt mangfald i studieprogramma.

Resultat 2016-2018:

Betre inntakskvalitet på fakultetets studieprogram

Milepålar for gjennomføring:

- Gjennomføre skulebesøk og evaluere besøksordninga i 2018.
- Revidere programsidene på nett i 2017
- Følgje opp UiO sitt samarbeid med Blindern videregående skole.
- Følgje opp fakultetet sin søknad om å innføre kvotering ved opptak til profesjonsprogrammet i psykologi.

Ansvar:

Studiedekan

Frist for gjennomføring:

2018

Forskning

Tiltak 5:

Fakultetet skal ha ein betydeleg auke i finansiering frå EU-systemet.

Resultat ved gangen av 2016:

- Fakultetet har auka talet på tematiske søknadar samanlikna med gjennomsnittet av søknadar for 7. rammeprogram
- Fakultetet har auka talet på ERC-tildelingar samanlikna med gjennomsnittet for tildelingar i 7. rammeprogram

Aktivitet:

Fakultetet skal sette i verk tiltak som styrkar og spissar engasjementet rundt eksternfinansiert verksemd. Fakultetet vil aktivt oppmuntre forskningsmiljøer og enkeltforskarar til å søke H2020, både ERC og tematiske kungjeringar. Fakultetet skal bidra til utvikling og kompetanseheving innan eksternfinansiert verksemd. Fakultetet skal syte for administrativ støtte og forskingsinfrastruktur, slik at forskingsaktiviteten vert ivareteken på best mogleg vis.

Resultat 2016:

Fleire og betre søknadar om forskingsmidlar samanlikna med 2015

Resultat 2017:

Fleire og betre søknadar om forskingsmidlar samanlikna med 2016

Resultat 2018:

Ein vesentleg auke i prosjekt finansiert gjennom H2020, særleg tematiske prosjekt.

Milepålar for gjennomføring:

- 1.000.000 til såkornmidlar.
- 200.000 til PES-midlar H2020
- 100.000 til seminar/kompetanseheving FANE-SV
- Fakultetet vil arrangere karrierebyggingsdagar med fokus på ERC
- Fakultetet vil oppmuntre forskarane til å registrere seg som evaluatorar
- Fakultetet vil oppmuntre forskarane til å delta i arbeidet med å utvikle programma innanfor European Research Area.
- Fakultetet skal utvikle og etablere fellesgrader, som til dømes innanfor Marie Curie-området.

Ansvar:

Forskingsdekan

Frist for gjennomføring:

2016-2018

Tiltak 6:

Rekrutteringsprosessane ved fakultetet skal betrast.

Resultat ved utgangen av 2016:

- Fakultetet har redusert tida det tek å rekruttere vitskaplege tilsette

Aktivitet:

Heile prosessen frå kungjering til tilsetting skal gåast gjennom slik at tidsbruken i alle ledd vert mindre. Fakultetet skal legge til rette for at dei gode tiltaka som alt er sette i verk vert vidareutvikla og sikre at grunneiningane får nokolunde lik praksis.

Resultat 2016:

Fakultet utviklar god praksis

Resultat 2018:

Fakultetet har redusert tida det tek å rekruttere vitskaplege tilsette.

Ansvar:

Dekan

Frist for gjennomføring:

2018

Tiltak 7:

Fakultetet skal legge til rette for deltaking i dei tre strategiske, tverrfakultære satsingsområda: Livsvitskap, UiO:Energi og UiO:Norden

Aktivitet:

Fakultetet skal oppmuntre bestemte miljø til å danne forskargrupper på tvers av fakultet og legge til rette for utvikling av nye tverrfakultære studieemne innanfor desse fagområda.

Resultat 2016:

Forskargrupper er oppretta innan alle tre dei strategiske satsingsområda

Resultat 2018:

Auka tverrfakultært samarbeid som gjev resultat i form av auka eksternfinansiering og nyskaping i utdanningsløpa

Milepålar for gjennomføring:

- Oppmuntre bestemte miljø til å danne forskargrupper på tvers av fakultet
- Utvikle nye tverrfakultære studieemne.

Ansvar:

Studiedekan og forskingsdekan

Frist for gjennomføring:

2018

Tiltak 8:

Gjennomføre ei ekstern evaluering av ph.d.-programmet ved fakultetet

Aktivitet:

Gjennomføre ei ekstern evaluering av ph.d.-programmet for å klargjere betringspotensial og følge opp krav til kvalitetssikring.

Resultat 2016:

Ekstern evaluering gjennomført

Resultat 2017:

Resultata frå evalueringa følgde opp og sette i verk

Ansvar:

Forskingsdekan

Frist for gjennomføring:

2016, 2017

Tiltak 9:

Følgje opp ph.d.-kandidatane si gjennomføringstid

Aktivitet:

Kartlegge kor lang tid ph.d.-kandidatane brukar (brutto og netto) på ph.d.-utdanninga. Diskutere tiltak for å auke talet på kandidatar som fullfører på normert tid.

Tilby kurs i generiske ferdigheiter og rettleiaropplæring for å gje kandidatane betre føresetnader for å administrere eigen forskingsprosess.

Resultat 2016:

Tilbud om kurs i generiske ferdigheter

Milepålar for gjennomføring:

-Implementere KDs indikator og fortsette arbeidet med å få UiO til å bruke KDs indikator.

-Vidareføre arbeidet med kullstudiar.

-Avklare med universitetsleiinga fordeling og ansvar for tilbudet av kurs i generiske ferdigheter og rettleiingsopplæring.

Ansvar:

Forskingsdekan

Frist for gjennomføring:

2018

Tiltak 10:

Samarbeid med eksterne forskingsinstitusjonar.

Aktivitet:

Rapporten frå von der Fehr-utvalet vert følgd opp og sett i verk

Ansvar:

Dekan

Frist for gjennomføring:

2016

Samfunnskontakt, formidling og innovasjon

Tiltak 11:

Fakultetet skal utarbeide ein kommunikasjonsstrategi basert på UiO sin og utarbeide konkrete tiltak.

Resultat i 2016:

- Forskinga og utdanningstilbodet er betre kjent i samfunnet

Aktivitet:

Fakultetet sine nettsider skal formidle breidda av forskinga gjennom nyhendesaker og gjennom fana Forsking – Vi forsker på.

Fakultetet skal profilere forskinga på ein god måte gjennom ulike arrangement.

Fakultetet skal kome med innspel til policy-dokument ved UiO, nasjonalt og i europeisk samanheng.

Resultat 2016:

Fakultetet utarbeider ein kommunikasjonsstrategi

Resultat 2018:

Kommunikasjonsstrategien er implementert og utvikla vidare

Milepålar for gjennomføring:

-Nominere SV-tilsette til prisar og utmerkingar.

-Dele ut Våg å vite-prisen til fire studentar. Budsjett: 40 000 årlig.

-Gjere aktivitetar og forskning synleg gjennom til dømes sentralbanksjefens tale og Eilert Sundt- forelesinga.

-Bruke sosiale media til å profilere forskinga.

-Arbeide for å få forskingsnyhende formidla nasjonalt og internasjonalt.

Ansvar:

Dekan

Frist for gjennomføring:

Kvart år 2016-2018

Tiltak 12:

Synleggjere toppforskingstiljøa og dei tverrfaglege satsingane for å auke oppslutninga rundt dei viktigaste strategiske satsingane våre.

Resultat i 2016:

- Toppforskingstiljøa og dei tverrfaglege satsingane er betre kjende i prioriterte målgrupper i samfunnet

Aktivitet:

Toppforsking og aktuelle tverrfaglege satsingar skal kommuniserast på systematisk vis til publikum og beslutningstakarar nasjonalt og internasjonalt, slik at desse vert betre kjende i prioriterte målgrupper i samfunnet.

Resultat 2016:

Ein markant auke i forskingssaker på nett og i andre media. Fleire arrangement der forskingsaktuelle saker vert diskuterte

Resultat 2018:

Toppforskingstiljøa ved fakultetet skal vere godt kjende i samfunnet og i prioriterte målgrupper. Fakultetet vil vere vertskap for fleire tverrfakultære arrangement

Milepålar for gjennomføring:

- Forskingsnyhende om toppforskninga er prioriterte.
- Aktivt innsalg av toppforskingsaker nasjonalt og internasjonalt.
- Fleire tverrfaglege arrangement: Debattmøte i Litteraturhuset, åpne nettmøte i samarbeid med Morgenbladet/Aftenposten Viten. Samspel mellom kanalar for å sikre dialog med samfunnet.
- Tett oppfølging av toppforskarane med tilbod om kursing i kommunikasjon og medietrening
- Kr 500.000,- vert sett av til ulike kommunikasjonstiltak: Frilanssaker, forskarportrett, grafisk materiale, booste arrangement, annonsering
- Nye studieemne innan Livsvitskap og UiO:Norden er utvikla

Ansvar:

Dekan

Frist for gjennomføring:

2006-2018

Administrasjon, organisasjon og infrastruktur

Tiltak 13:

Alle tilsette skal ha tilbud om personleg og fagleg utvikling

Aktivitet:

Behovet for kompetanseutvikling skal vere tema i medarbeidersamtalar. Det skal utviklast eit tilbud tilpassa behov og tilgjengelege ressursar.

Resultat 2016-18:

Milepålane vert gjennomførte løpande

Milepålar for gjennomføring:

- Gjennomføre medarbeidersamtalar.
- Sikre at alle grunneiningane har introduksjonsprogram for nye tilsette.
- Leggje til rette for personleg og fagleg utvikling for alle tilsette.
- Følgje opp nye tilsette leiarar og gi tilbud om opplæring/coach.
- Oppmode til deltaking i leiarkurs i regi av UiO (særleg studieleiar- og forskingsleiarkurs).
- Gjennomføre leiaropplæring for ny leiargruppe og nytt styre
- Handlingsplan for likestilling skal vidareførast og følgjast opp.

Ansvar:

Dekan

Frist for gjennomføring:

2016

Tiltak 14:

Sikre at alle vitskaplege tilsette har pedagogisk basiskompetanse

Aktivitet:

Følgje opp at alle vitskaplege tilsette oppfyller krava til pedagogisk basiskompetanse. Tilby kurs på engelsk tilpassa tilsette med ikkje-nordisk språkbakgrunn og vurdere kortare kurs tilpassa mellombelse tilsette (stipendiatar og postdoktorar).

Resultat 2016-18:

Milepålane vert gjennomførte løpande

Milepålar for gjennomføring:

- Utnytte dei øyremerkte ressursane Fagområdet for universitetspedagogikk har til samarbeid med fakultetet
- Følgje opp einingane sitt arbeid med å sikre at alle har gjennomført kursa.
- Halde fram arbeidet med å sikre betre tilpassa kurs for stipendiatar og postdoktorar.

Ansvar:

Dekan

Frist for gjennomføring:

2016-2018

Vedlegg: Tabellar

1. Resultatindikatorar (2011 – 2014) med ambisjonar for 2015-2018
2. Grunnlagsdata for resultatindikatorane (2011-2014) med ambisjonar for 2015-2018

Tabell 1. Resultatindikatorer med ambisjoner	Resultat				Ambisjoner			
	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Nye studiepoeng per heltidsekvivalent	42,5	42,7	42,3	42,1	43	43	43	43
Gj.snittlig gj.føringstid ph.d-kandidater	3,8	3,7	4,6	3,9	3,7	3,7	3,7	3,7
Studentmobilitet - Prosentdel utvekslingsstudenter av alle stud	8,80 %	9,50 %	9,10 %	8,40 %	10,90 %	11,30 %	11,30 %	11,3
Publikasjonspoeng pr vit.årsverk UIO ambisjon 2014: 1,35	1,59	1,36	1,35	1,44	1,4	1,4	1,4	1,4
EU-tilteing volum i tusen. UIO ambisjon 2014: 90% vekst av gjsn siste 3 år	2 080	14 607	16 678	6 822	18 000	20 000	22 000	22 000
NFR-tilteing - volum i tusen. UIO ambisjon 2014: 7% vekst av gjsn siste 3 år	48 815	68 517	55 903	65 738	70 000	70 000	70 000	70 000

Tabell 2 Grunnlagsdata for resultatindikatorane	Resultat				Ambisjoner			
	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Publikasjonspoeng. UIO ambisjon 10% vekst	510	495	502	538	520	530	530	530
Vitenskapelige årverk inklusive stipendiater	320	363	373	375	380	385	390	390
Utvekslingsstudenter. UIO ambisjon 10,5% av alle studantar	469	485	462	421	480	500	500	500
Nye studiepoeng	3 252	3 177	3 098	3 046	3 100	3 100	3 100	3 100
Heltidsekvivalenter	4 590	4 467	4 398	4 345	4 300	4 300	4 300	4 300